

Emnenr. 80

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Utsira

Emne: Folkemedisin

Bygdelag.

Oppskr. av: Thoralf Kvalvik

Gard: Kvalvik

(adresse): Utsira

G.nr. 31 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Eiga røynsle.

## SVAR

1. Det er ålmenn meining at folk var meir hardfør i eldre tid enn dei no er. Før var det meir - helst mykje - dødsfall millom spedborn, medan det no er folk i mogen alder - kring førti/femti år som bukkar under. Det var sjeldan før at folk i den alder fall frå, minders det var ei ulukka på sjøen eller i smittsam sjukdom t.d. tuberkulose som øyde so mangt eit ungt liv i tida fram til pålag førti/femti år sidan. Det er mange år no sidan her var dødsfall av tuberkulose, no er det hjartesykje - dom som gjer livet so stutt for mange, og i vår bygd har det i tida etter krigen vore mange av slike dødsfall.

2. Det var vanleg før som no at dei desinficera etter ein avliden med smittsam sjukdom, men det er truleg at før var dei lite klår over fåren, eller at dei skyna seg lite på å vera varsame nok medan den sjuke levde. Det var som at dei sette alt inn på lagnaden i den meining, at skal eg få det, so får eg det kor-som-er.

Her har vore mange som fram gjen/om tida og kanskje det sleng av dei endå, som bruka å svara slik når det at silda "går til lands" på ein sundag: "Me nyttar ikkje høve på ein sundag, skal me ha noko får me det."

Kjem då ikkje silda til lands på ein yrkedag, er det det same som at ein skulde ikkje ha noko.

Det er fortald om ein mann som var i vitjing hjå ein tæringsjuk at den sjuke bad han tenna på tobakkipipa åt/ seg. Mannen som var i gjesting stakk pipa åt den sjuke i munnen sin og kveikte på. Mannen vart smitta og døyde av tæring.

Nokon råder å verja seg mot smitte har ein ikkje høyrd om, men det er likevel truleg dei hadde det. Ein

meiner ha høyrd at med tobakkskrå i munnen gav i noko mon ei trygd.

3. Å ha ferdiglaga medisiner liggjande ifall nokon vart sjuk, veit ein ikkje om. Rettnok har det vore og er dei som har tru på at brennevin er bra å ha i bakhand og u-missande når det er influensa eller forkjølelse med feber. Derimot toles ikkje brennevin når det er sår eller svoll ein har.

Gloheit mjelk med malt pepar i er ei gamal råd som endå er brukt mot influensa og sterk forkjølelse. Til brannsar er det söt flöyte å smörre såret med, og til öyreverk var det mangt og mykje som ein greip til för. Det var no varmt smelta usalta smör å renna inn öyra, lata sitt eige vatn på ein bomullsdott å ha i öyra, varmt vassomslag, varm graut i eit klødestykkje å leggja til öyra, eller ei mugge med varmt vatn i å halda til öyra slik at det eima inn öyra, og kanskje det var endå fleire råder.

Til svoll brukte ein ei kjerringråd för, som ei av koppekonene det er fortald om ein annan stad laga til. Det var som ho sjölv kalla det eit trekkploster laga av harpiks og tjöra. I ei blanding som tynn graut, la ein ~~søxxkxxx~~ so dette på svollen for å driva svollen snarare fram til "mognings"og gjera verketida stuttar. Det var ikkje bra med plosteret på etter det var gått hol på svollen, det kunde trekkja eller dra vel mykje.

Tannverk og kikhoste hadde dei visst inga råd med. Til tannverk vert det av og til lagd ei tobakkskrå inn på verketanna, ei råd einast for dei som ikkje er tilvant med skråtobakk.

4. Har ikkje høyrd noko om det.

5. Alåna av kvarandre har vore og er brukt.

6. 7. Har ikkje høyrd noko om det.

8. Kjenner ikkje til det.

9. Ukjent.

10. Ukjent.

11. Ukjent.

12. Har ikkje høyrd noko om det.

13. Kjenner ikkje til det.

14. "Kneips Vannkur" var det mange som hadde. Elles so veit ein om det eingong vart gjort bruk av almanakka, det var i juli månad 1903 ein smågut på fem år drukna i ei vasskjelda. Ingen av dei som var tilstades kunde noko.



- 3.
- med opplivning, einast var det ein kunde læsa seg til i almanakka. Resutatet vart negativt.
- 15.16. Lite truleg at nokon dreiv det rasjonellt.
- 17 til og med 36. Kjenner ikkje noko til det.
37. Brennevin har vore og er sett stor lit til, både til folk og fe. Ikkje so nøgje med kva slag det er, berre det er brennevin er alt gode saker.
38. Det veit ein ikkje noko om.
39. Ikkje andre - det ein veit enn konene som igla og koppa og som er nemnt i emne nr.76.
40. Sjå nr.76.
41. Det har ein ikkje høyrd noko om.
42. Sjå emne nr. 76.
43. Sjå 76.
44. Sjå 76.
45. Det er ukjent her hjå oss.
46. Ein finn ingen opplysning om det, men likevel noko som har vanta so langt avleides frå dokter ein er her.
47. Kjenner ikkje til det.
48. Ikkje andre enn jormora.
49. Det er mykje truleg at folk hadde sumt, men ein kjenn-er ikkje til det. Ein er forseint ute etter opplysningar om desse ting - som alt anna diverre. Folk som kunde fortald om det, er forlengst lagd i grava --.
50. Kjenner ikkje til andre lækjarböker enn "Kneips Vannkur" og O. Olviks "Min hjemmekur". Båe desse bökene er vel kjende.
51. Det hadde dei nok ikkje.
52. Det gjorde dei nok.
53. Dei to som er nemde finst endå.